



BYRKJELANDSVATNET

FORSAND KOMMUNE

FAKTA

Lengde: Frå 1 til 3 timar rundt vatna.

Passar for: Familietur / lengre familietur

Parkering: God plass på skytebanen

Kartblad: 1212 I: Høle

Verd å merka seg:

Frå skytebanen er det gruslagt veg eit lite stykke og vidare kjerreveg til Stølsvatnet.

På halvøya i vatnet er det laga til rasteplass med bord og benk, så hit er det fint med familieutflyktar. Det er godt fiske i både Stølsvatnet og Byrkjelandsvatnet.




Foto: Roy Mangersnes

OM TUREN

Det er viktig å hugse å lukke grindå når ein kjører inn frå Rossavikheia. Bilen kan settast ved skytebanen. Derifrå tar ein beina fatt opp kjerrevegen til Stølsvatnet. Turen er godt merka og stien er lett å følgja. Enkelte stader er stien noko fuktig.

Det er mogleg å gå både på nord- og sørsida av vatnet. Runden rundt Stølsvatnet er lett å gå og passar som ein fin utflykt for heile familien.

Turen vidare inn til og rundt Byrkjelandsvatnet er litt tøffare og ikkje like lett for dei minste. Stien går i ulendt terreng og gjennom kratt. På sørvestsida må ein passera ei lita steinur som kan vera vanskeleg å kryssa om det er blautt. Her er det viktig å bruka god tid.

På søraustsida av vatnet, ved den gamle demninga, kan vil ein få fin utsikt mot Kleppa, Byrkjeland og opp Espedalen.

Historie og natur

Opp av fylkesvegen ligg restar etter ein av dei største buplassane frå folkevandringstida i Forsand. Her er restar etter eit hovudhus på heile 47 meter, buskapsgangar, fjøs og eit mogleg reidskapshus. I områda rundt ligg og mange rydningsrøysar og store gravhaugar.

I tillegg til kulturverdiar finst det mykje vakker natur i områda langs vatna. Stølsvatnet er kultivert og er eit mykje besøkt turområde i kommunen. Byrkjelandsvatnet er ikkje like mykje besøkt, og områda her har difor eit rikare dyreliv. Både på nordsida og i sør er det gode tilhøve for orrfugl og hjortevilt. Sjølve vatnet vert nytta av den trua storlommen. Fuglen fiskar regelmessig i vatnet og kan og hekka her. Denne spanande fuglen likar ikkje folk og skyr område med mykje aktivitet.



